



KOPI

Alver Kommune  
Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/4210 - 23/80599

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
19.10.2023

## Svar på spørsmål om dispensasjonskrav gbnr. 182/3 Gausereide

Alver kommune syner til dykkar brev av 27.09.2023. Vi syner òg til telefonsamtale med Alver kommune v/Are Frøysland Grande 19.10.2023.

Tilkomstvegen er, som du peikar på, godkjent som landbruksveg i klasse 5. I hovudsak er dette vegar som skal tene den trongen som gardsbruket har for drifta. I denne saka er det ynskje om å rive eksisterande bygg og oppføre eit nytt. Når ein vel å føre opp ein ny buening, vil dei relevante krava i lovverket slå inn. Dette omfattar også krav til stigning på tilkomstveg som kjem fram i kommuneplanen punkt 2.4.2. Om ein vel å restaurere eksisterande bustad, vil ikkje dette kravet gjere seg gjeldande.

Det er difor naudsynt med dispensasjon frå kravet i kommuneplanen punkt 2.4.2 som sett krav til stigning på 1:8 og ha ei breidde på 3 meter. Sjå gjerne referat frå førehandskonferanse 10.12.2021 og 02.06.2023. Har du ytterlegare spørsmål knytt til saka, ta gjerne kontakt med Anne Lise Molvik på e-post [anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no).

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Alver Kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

### Mottakarar:

Olav Birkeland Bergsvik

Vassbyggdvegen 279

5912

Seim